



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Siril Therese Sylta

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792


Vår referanse:
17/52474-2

Dykkar referanse: Vår dato:
17/1084 – 17/11030 27.04.2017

Uttale – Dispensasjon frå reguleringsplan – Gnr. 188 bnr. 323 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til høyringsbrev mottatt 07.04.2017 med varsel om dispensasjon frå vedtatt områderegulering for Knarvik sentrum (2015). Høyringsfrist er satt til 05.05.2017.

I samband med planlagt bygg (Region Nordhordland Helsehus) på område o_BOP1 er det søkt om dispensasjon frå plan for fleire tilhøve, mellom anna dispensasjon frå formåls- og byggegrensa og dispensasjon frå avvikande plassering av regulert nedkøyringsrampe til parkeringsanlegg i kjellar.



Utsnitt: Del av vedtatt områdeplan for Knarvik.

Slik vi tolkar tilsendt materiale er det snakk om å justere føremålgrensa / byggegrensa 30 – 60 cm retning søraust mot planlagt almenning. Vi har ikkje merknad til dette.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vidare vert nedkøyringsrampe til parkeringskjellar justert slik at det vert plass til dør som er naudsynt med bakgrunn i branntryggleiken. Vi har heller ikkje merknad til dette. Vi rår likevel til at det vert utarbeidd sporingsanalyser for dimensjonerande køyretøy, som kan teste ut nødvendig svingradius i innkøyring til parkeringskjellar og som syner at det som vert søkt om faktisk kan byggast. Nedkøyringsrampe til parkeringskjellar må heller ikkje kome i konflikt med krav til tryggleik for eventuelle utrykningskøyretøy.



Utsnitt: Endring av innkøyring til parkeringskjellar. Raud stipla linje er regulert løysing, medan grå linje er nytt framlegg til nedkøyringsrampe.

Vi minner elles om det pågåande planarbeidet for ny E39 gjennom Knarvik og planlegging av såkalla oval rundkøyring i krysset mellom E39 og Kvassnesvegen, der kommunal veg langs nordsida av Helsehuset inngår som del av planområdet.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ